



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 31.08.2018

Sak nr.: 17/8987-10

Internt l.nr.: 40590/18

Sak: 83/18

Tittel: Førde - Kommuneplan 2018 - 2030

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Planframlegget inneheld ikkje ein handlingsdel. I følgje Plan- og bygningslova §11-1 skal samfunnsdelen til kommuneplanen ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp i dei neste fire åra.
2. Det er ei styrke ved planframlegget at ein har konkretisert korleis kvart tiltak skal følgjast opp i arealdelen. Ein bør likevel styrke føringane for arealdelen ved å vise kor store areal som trengs for å følgje opp dei einskilde tiltaka, kva eigenskapar areala bør ha mv.
3. Klimaomstilling bør vere eit noko meir sentralt tema i samfunnsdelen med handlingsdel, og med føringar for arealdelen.
4. Det er positivt at ein skal følgje opp tiltaka i sentrumsstrategien ved å utarbeide ein sentrumsplan. Denne bør kunne bli ein områdeplan for heile Førde sentrum.
5. Planframlegget legg opp til at minimum 50% av bustadbygginga skal vere i sentrumsnære område. Det er ikkje definert kva som er sentrumsnære område. Ambisjonsnivået for dette bør òg vurderast nærare.
6. Planframlegget bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på naturmiljø, inkludert vassmiljø. Kommunen si målsetting og tiltak i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå god miljøtilstand i alle vassførekomstar innan 2021.